



Saksprotokoll

Utval: Fylkesutvalet
Møtedato: 23.11.2010
Sak nr: 104/10

Resultat: Annet forslag vedtatt

Arkivsak: 10/4912
Tittel: HØRING - EVALUERING AV SELSKAPET FOR INDUSTRIVEKST SF(SIVA)

Vedtak i Fylkesutvalet

- 1. Fylkesutvalet er enig i utredningas hovudkonklusjon at SIVA oppnår sine mål på ein god måte.*
- 2. Fylkesutvalet meiner det er riktig og viktig at SIVA kan legge tilstrekkelege ressursar inn i samarbeidet med fylkeskommunane og dei regionale partnerskapa i fylka. Dette for å sikre at utviklingsaktivitetane både på eigedoms- og innovasjonssida er tilpassa regionale behov og at SIVA kan spille på lag med regionale utviklingsaktørar.
SIVA må drive aktiv eigedomsforvaltning og ha handlefridom nok til å kjøpe, og eventuelt avhende, næringsseigedommar dersom dette framstår som eigna verkemiddel for å hjelpe ein bedrift gjennom ein vanskeleg overgangsfase eller bidra til å skaffe bedriften kapital for ev. vidareutvikling.*
- 3. Fylkesutvalet meiner òg at det er riktig å auke ressursbruken i SIVA innanfor næringsseigedommar og innovasjonssatsing.
SIVA må drive aktiv eigedomsforvaltning og ha handlefridom nok til å kjøpe, og eventuelt avhende, næringsseigedommar dersom dette framstår som eigna verkemiddel for å hjelpe ein bedrift gjennom ein vanskeleg overgangsfase eller bidra til å skaffe bedriften kapital for ev. vidareutvikling.*
- 4. Fylkesutvalet meiner det er viktig for Telemark at det vil være mogleg å få etablert fleire innovasjonsselskap i Noreg og at det samtidig blir utvikla eit finansieringsopplegg som sikrar eit bærekraftig og føreseieleg økonomisk fundament for innovasjonsselskapa.*
- 5. Fylkesutvalet meiner vidare at SIVA må samarbeide tettare med fylkeskommunane, Innovasjon Norge og kommunane i arbeidet for tilrettelegging og etablering av gode og funksjonelle etablerarrettleggsteneste.*

Behandlinga i Fylkesutvalet

Representanten Jørund A. Ruud, Ap, fremma følgjande forslag:

Tilleggssetning, til pkt. 3:

SIVA må drive aktiv eigedomsforvaltning og ha handlefridom nok til å kjøpe, og eventuelt avhende, næringsseigedommar dersom dette framstår som eigna verkemiddel for å hjelpe ein bedrift gjennom ein vanskeleg overgangsfase eller bidra til å skaffe bedriften kapital for ev. vidareutvikling.

Votering:

Fylkesrådmannens tilråding – pkt. 1-3 blei samrøystes vedteke.

Ruuds tilleggsforslag til pkt. 3 blei samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannens forslag til pkt. 4-5 blei samrøystes vedteke.